

Kontrollutvalet i Haram kommune

MØTEBOK

Møtedato: 22.11.2019, kl. 14.10

Møtestad: Tenestehuset, Brattvåg

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik.

Elles til stades: Eivind Davik, Grete Berbu og Karl Jan Fjørtoft (vara).

Meldt forfall: Åge Vikestrand og John Alvestad.

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte leiar stab Per Langnes.

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga. Sakslista blei godkjent.

Sak 19/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 18.11.2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 18. november 2019 blir godkjent.

Sak 20/19 - Haram kommunes handsaming av grusmasser i Vatnedalen.

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. november 2019

Det var ikkje lagt ved innstilling i saka.

Leiar for stab Per Langnes gjekk gjennom utsendte dokument i saka og kontrollutvalet fekk høve til å stille spørsmål.

Leiar Sigrid Eidsvik fremma på vegne av kontrollutvalet følgjande forslag:

Kontrollutvalet takkar administrasjonen for ei god orientering. Kontrollutvalet meiner at saka om grusmasser i Vatnedalen er handtert etter gjeldande regelverk slik den er presentert for utvalet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar administrasjonen for ei god orientering. Kontrollutvalet meiner at saka om grusmasser i Vatnedalen er handtert etter gjeldande regelverk slik den er presentert for utvalet.

Møtet var slutt kl. 15.25

Sigrid Eidsvik
leiar
(sign.)

Eivind Davik
nestleiar
(sign.)

Grete Berbu
medlem
(sign.)

Karl Jan Fjørtoft
varamedlem
(sign.)